



Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

April 2020 | 31. ÅRGANG | OPPLAG 982

Ein helsing til alle i Bykle, i kampen mot Koronaviruset

Eg vil fyrst takke for den eineståande innsatsen eit samla lokalsamfunn har vist så lang. På nært hold har eg sett kor kommunalt ansatte har endra arbeidsrutinar og oppgåver, krumma nakken og tatt utfordringane. Fortvila næringsdrivande som mista inntektsgrunnlaget sit på det mest sårbarleid tidspunktet, nå som pengane eigentleg skulle tenast; men dei visar stor forståing for dei tiltaka kommunen iverkset.

Vi har vore ute ei vinternatt før vi, det veit eg. Det har vore brannar og skred, kor eg har sett vårt flotte lokalsamfunn stå saman i krisa. No har vi ein ny situasjon som ikkje liknar på noko vi har sett før. Ein usynleg fiende som jaktar på særleg dei eldste. Vi veit ikkje kor hardt han slår, men vi veit at han slår hardt om han får sjansen, og han visar tålmod. Det må vi også gjere, vi må ta den tida vi treng for å kjempe denne fienden i senk.

Saman klarar vi det gode Byklarar!

Jon Rolf Næss
Ordfører

Mellombels er offentlege bygg stengde og alle arrangement avlyst

Bykle kommunestyre - det første heil`digitale møtet!

Bykle kommunestyre har gjennomført siine første heil-digitale møter. Teknologien fører representantane saman frå kvar ein krok i kommunen! Kommunestyret fann møteforma så god etter fyrste møte - at dei gjekk for å gjennomføre dei neste ordninære kommunestyremøta som planlagt.

Forbodet mot å møtast fysisk er altså ikkje til hinder for Bykle kommune.

Allsongstund i Valle radio kvar torsdag kl 10-12

Songstund med Anna Slaby Driel og Siri Johannessen, med gjestar. Vi pratar og formidlar helsingar, spelar og syng kjente viser og salmer, og inviterer alle der heime til å vere med og synge! Song gjer oss glade - berre prøv, vi tør nesten å garantere effekt! Finn gjerne fram viseboka, dersom du har slikt liggjande i hus, eller du kan google teksten på internett.

Det er mogleg å få låne bøker sjølv om biblioteka er stengt

Du kan velje mellom å bestille direkte frå katalogen (logg inn med lånekortnummer og PIN) Eller du kan bestille ved å kontakte biblioteket på Messenger, e-post biblioteket@bykle.kommune.no eller ring 37938690 (9-15). Har du ikkje lånekort? Fortvil ikkje! Ta kontakt, så ordnar vi det.



Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek normalt med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar.

Dei neste utgåvane av Byklaren kjem ut som fylgjer:

Mai (Frist 15.04), **Juni** (Frist 15.05)

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Korona-telefon for Bykle og Valle

Det er oppretta korona-telefon for Bykle kommune og Valle kommune.

Telefonen er bemanna av helsepersonell som har sett seg grundig inn i tilhøve kring koronaviruset, og kan hjelpe deg med å finne svar på spørsmål. Aktuell og oppdatert informasjon om koronavirus finn du på Folkehelseinstituttet si nettside. Alle blir oppmoda til å sjå om dei finn svar på desse nettsidene før dei ringer. Helsepersonell vil rettleie deg, vurdere situasjonen og ved behov hjelpe deg vidare med testing og behandling.



Opningstider koronatelefon mobil 948 89 445
man – fre kl. 09-12 og 13-15:30

Høyringar

Det er 2 nye høyringar ute på Bykle kommune sine heimesider:

- Detaljregulering—Dyregrenda sør—Plan-id 201902
Ny 1.gongs handsaming
- Detaljregulering av Hovden Høyfjellsenter

Snømåking og brøyting

Teknisk Drift og Eigedom minner om at det ikkje er høve til å frese eller brøyte snø frå tun og plassar ut i kommunale veger i dei kommunale boligfeltet. Det er heller ikkje høve til å parkere bilar langs vegen i dei kommunale boligfeltet. Dette gjer til tider vintervedlikehaldet svært vanskeleg og er til hinder for brøyteredskap.

Søknadsfristen for sommarjobb for skuleelevar / studentar er utvida til 10.april

Sommarjobb for skuleelevar / studentar med fast bustadsadresse i Bykle kommune. Skuleelevar kan søkje frå dei er ferdige med 10. trinn. Ordninga gjeld for elevar/studentar som har gjenge på skule /studert på heiltid.

Bykle kommune treng sommarvikarar innan desse områda

- * Teknisk drift og eigedom
- * SFO Bykle og Hovden (helst med sertifikat).
- * Barnehage, Bykle og Hovden

For å arbeide i barnehage og SFO er det krav om godkjend politiattest. Søkjarane må skrive i søknaden kva for skule/studiestad dei har gått på siste halvår og spesifisere når tid dei ønskjer å arbeide og prioritert arbeidsområde.

Det er ønskjeleg at arbeidsperioden er samanhengande.

Løn etter tariff.

Nærare opplysningar kan du få ved å vende deg til Liv Hilde Holm, telefon 37938609 / 90610215.

For å søkje må du gå inn på
www.bykle.kommune.no/ledige-stillingar

Tømekalender

Restavfall: 08.04, 06.05

Matavfall: 08.04, 22.04

Glas/metall, papir og plast: 22.04

Tykkås gjenvinningsstasjon er igjen ope for levering av avfall fra private

Dei tillater bare 3 kunder å levere avfall samtidig – det kan medføre kø – bli sittande i bilen. Sorter avfallet i de forskjellige fraksjonene hjemmefra – det gjer det raskare å levere – mindre kødannelse. Restavfall i sekk skal leveres i gjennomsiktige sekker
Åpningstider: Tykkås Gjenvinningsstasjon torsdager kl. 12.30 – 18.30 (inntil vidare stengd på laurdager.)



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle | T: 37 93 85 00
For tida stengd for publikum | E: postmottak@bykle.kommune.no